



## Notat

Dato: 21.06.2016  
Arkivsak: 2015/7972-30  
Saksbehandlar: vigbjo

---

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om korrespondanse lokalbuss og kystbussen på Føyne og/eller Leirvik

Følgjande spørsmål er reist i fylkesutvalet 19.05.2016, ved Anne Beth Njærheim (V):

«*Kva er status angåande korrespondanse lokal buss og Kystbussen på Føyne og/eller Leirvik? Jamfør politiske signal om at det er eit mål at lokal kollektivtransport bør korrespondere med ekspressbuss, båt og tog..»*

Nytt bussanbod for Sunnhordland startar opp neste år, i juli 2017. Trafikkplanen for Sunnhordland, vedteke i fylkesutvalet 3. desember 2015, dannar grunnlag for detaljering av rutetilbodet i konkurransegrunnlaget for det nye anbodet. Ei overordna føring som ligg i trafikkplanen er å legge til rette for samanhengande reiser mellom Fitjar-Bømlo og Bømlo-Sveio, med vekt på arbeids- og skulereisande.

Rutetilbodet i det nye anbodet er lagt opp med korrespondansar og bytemoglegheiter mellom linje 700 Haugesund-Leirvik og linje 800 Svertland-Leirvik på Føyne i begge retningar . Unnataket gjeld tidspunktet på dagen då alle bussane er i produksjon knytt til lokal skoleskyss, samt siste kveldsavgang. I tida rundt skoleskyss er alle bussar i produksjon, og ein ekstra avgang for korrespondanse vil gje behov for innkjøp av ein ekstra buss som elles kan utnyttast.

I tillegg til korrespondanse med linje 700, er linje 800 også planlagt slik at det gir mogleg korrespondanse til fleire av dagens ruter for Kystbussen. Tilbodet på Kystbussen rår ikkje fylkeskommunen over, og eventuelle endringar i dette tilbodet vil kunne påverke bytemoglegheitene. Det er ikkje utan vidare enkelt å tilpasse vårt eige rutetilbod til Kystbussen utan at det gir konsekvensar for andre delar av rutetilbodet.

Det er ikkje planlagt endringar i dagens rutetilbod med omsyn til fleire korrespondansar mellom linje 800, linje 700 og Kystbussen fram mot nytt bussanbod.

Tilbodet for skule- og arbeidsreisande mellom Fitjar og Bømlo vert oppretthalde på dagens nivå.